

Lånereglement Voss bibliotek

Voss herad. Gjeld frå 1.1.2020

Reglementet gjeld Voss bibliotek på Voss kulturhus og filial ved Kulturbanken i Granvin.

OM Å LÅNE

Alle som bur i landet kan få lånekort på biblioteket.

Med lånekort på biblioteket kan du låna bøker, tidsskrift, filmar og andre medium.

Det er gratis å låna og bruka biblioteket, men du må betala for utskrifter og kopiering.

Lokalt lånekort gjeld ved ditt lokale bibliotek. Nasjonalt lånekort gjeld i heile landet.

For å få lånekort treng du legitimasjon som har personnummer og bilete. Gyldig legitimasjon kan vera pass, førarkort eller annan ID. Born under 15 år må ha underskrift av foreldre eller føresette. Born kan få lånekort frå fyrste klasse.

Bibliotekpersonalet har teieplikt og vernar om låneopplysningar.

Voss bibliotek er oppteken av å verna personopplysingane dine. Difor handsamar vi dei i samsvar med den gjeldande personopplysingslova. Personvernerklæringa finn du på

<http://www.vossbibliotek.no/om-biblioteket/vi-tek-personvern-pa-alvor/>

SOM LÅNAR ER DU FORPLIKTA TIL Å

- Ta ansvar for alt som er lånt med lånekortet.
- Behandla biblioteket sitt materiale pent
- Levera utlånt materiale innan fristen
- Erstatte skadar på, eller tap av materiale
- Sørge for at rett kontakinformasjon er registrert i vårt system

LÅNETID

- Bøker, lydbøker og dataspel; 4 veker.
- Film, tidsskrift; 1 veke.
- Språkkurs; 4 eller 8 veker.

Materialet kan fornyast to gonger dersom ingen ventar på materialet, eller etter avtale. Har du bøker/medium ut over lånetida, sender biblioteket påminning. Det er purregebyr for vaksne.

Etter 2. purring blir det sendt rekning, bøker/medium må erstattast.

Om du har mista lånekortet, må du betala gebyr for å få nytt kort.

GEBYR OG ERSTATNINGSKRAV

Purregebyr	1. gong	2. gong
Vaksen	30,-	50,-
Born	0,-	0,-

Erstatningssatsar	
Vaksen skjønnlitteratur	400,-
Vaksen faglitteratur	500,-
Barnebøker	300,-
Musikk/CD	200,-
DVD	200,-
Tidsskrift/teikneseriar	Opp til 150,-
Språkkurs	Opp til 1500,-
Tapt lånekort	20,-

Bøker med særskilt verdi vert vurdert ved kvart einskild tilfelle.

Erstatningssummen skal dekkja innkjøp av erstatningsmateriell og arbeidet med tilrettelegging for utlån.

Reglementet er politisk vedteke